


Deloitte.



Lærdal kommune

Overordna analyse - forvaltningsrevisjon

November 2016

«Overordna analyse»

November 2016

Analysen er utarbeidd for Lærdal
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1. Innleiing	4
2. Oversikt over identifiserte risikoområde	7
3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	23
4. Tidlegare forvaltningsrevisjonar	25
Vedlegg: Statistikk	26

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i kommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til kommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, administrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av kommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og kommunestyret vedtar dette.

1.2 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjoner på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekommme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle kommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltnings-revisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovudregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av kommunestyret.

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader
 - vurdere om forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
 - vurdere om regelverket blir etterlevd
 - vurdere om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
 - vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
 - vurdere om resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformast gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i kommunen. Men i følgje forskrifta skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

1.3 Metode for gjennomføring av overordna analyse

1.3.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått er i hovedsak informasjon fra Lærdal kommune si heimeside, årsmelding 2015, budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

1.3.2 Statistikk


Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne tall som gjeld for kommunen med gjennomsnittet for andre kommunar av liknande storleik (kommunegruppa) og for landet.

1.3.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leirarar i kommunen. Vi har gjennomført intervju med rådmann og sentrale leirarar (til saman fem personar). Av politiske leirarar har vi intervjua ordførar, varaordførar, samt to formannskapsmedlemmar (eit formannskapsmedlem deltok i prosessmøte med kontrollutvalet og blei difor ikkje intervjuat).

1.3.4 Prosessmøte i kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen ble det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.



1.4 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde.

I kapittel 2 presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane danner grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i kapittel 3. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endelig prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggast fram for kommunestyret.

I kapittel 4 presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.

2. Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Lærdal kommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Tabell 1 Fargesymbol

Fargesymbol Skildring av vurdering av risiko

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	<p>«Høg risiko» På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p>
	<p>«Middels risiko» På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p>

Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønnsmessige, og vurderinger er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er difor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for kommunestyret.


Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av kommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

2.1 Bakgrunn

2.1.1 Organisering

Organisering til Lærdal kommune går fram av organisasjonskartet under.

Figur 1: Organisasjonskart (forenkla), Lærdal kommune.



Lærdal kommunen deltek også i fleire interkommunale samarbeid innan:

- Barnevern
- PPT
- Helse (LMS)
- IKT
- Økonomitenester (rekneskap, skatt)
- Brann
- Landbruk

I tillegg har kommunen etablert eit kommunalt føretak Okken Kraft KF (sjå under teknisk i denne rapporten).

2.1.2 Økonomiske utfordringar og behov for tiltak

Det blir peika på i undersøkinga at kommunen har økonomiske utfordringar, og at Lærdal i løpet av kort tid har mista ei vesentleg del av sine kraftinntekter. Dette medfører at kommunen må redusere kostnadene med om lag 20 mill. kroner framover.

Lærdal kommune har starta ein prosess der mellom anna organiseringa av kommunen blir evaluert, og der politikarar og administrasjon i samarbeid ser på korleis kommunen kan organiserast for å gje eit best mogleg tilbod til innbyggjarane. Det blir peika på at kommunen tek fleire rekke grep for å redusere utgiftene. Dette inneber mellom anna nedlegging av ein skule i kommunen, samt ei omorganisering av pleie- og omsorgstenesta der kommunen skal legge til rette for at eldre og pleietrengande kan bu heime, og at talet institusjonsplassar skal reduserast.

Det blir stilt spørsmål ved om det framleis er føremålstøylen å behalde ein tre-nivåorganisering i kommunen, eller om dette aukar dei administrative utgiftene. I undersøkinga blir det ytra ønskje om eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som ser gjennomføringa av desse omorganiseringsprosjekta i ettertid, og evaluere om kommunen har nådd dei måla som er satt. Dette vil vere aktuelt mot slutten av planperioden.

2.1.3

Finansielle nøkkeltall

Det går fram av Lærdal kommune si årsmeldinga at rekneskapet for 2015 går i balanse, men bak resultatet ligg eit meirforbruk på to mill. kr. Samstundes er det eit mindreforbruk på finanspostar på 1,2 mill. kr, og dette gir eit negativt netto resultat på minus 510 899 kr. Ei oversikt i årsmeldinga viser at alle tenesteområda i kommunen har eit overforbruk, med unntak av «folkevalde» og «teknisk drift».

Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Lærdal kommune har høgare netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. KOSTRA-tala viser også at Lærdal har lågare statleg rammeoverføring og andre statlege tilskot til driftsføremål i prosent av brutto driftsinntekter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i same periode. Eigedomsskatten i Lærdal er høgare i prosent av brutto driftsinntekter samanlikna med dei same gruppene i same periode.

KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune har hatt ein nedgang i netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av dei totale netto driftsutgiftene frå 2014 til 2015. I 2015 ligg kommunen under gjennomsnittet for kommunegruppa, men over gjennomsnittet for landet utan Oslo.

Sjå Tabell 2 i vedlegget.

2.2 Sektorovergripande område

2.2.1

Internkontroll

I ein situasjon med svært avgrensa midlar er det viktig at leiinga har tilstrekkeleg kontroll med at drifta er i samsvar med dei føringar som er gitt, dei lovkrav som gjeld og at rapporteringa er tilstrekkeleg, det vil seie god internkontroll.

Undersøkinga viser at Lærdal kommune ikkje har eit felles kvalitetssystem for heile kommunen på revisjonstidspunktet. Det blir opplyst at pleie- og omsorgssektoren har tatt i bruk eit system (Compiro) som skal innførast i heile organisasjonen i løpet av 2016. På revisjonstidspunktet blir avvik registrert manuelt på papir. I undersøkinga blir det peika på at kommunen har ein jobb å gjere når det gjeld å få dei tilsette til å melde avvik. Fleire peikar på at avvik ikkje blir rapportert og at det ikkje er etablert ein god nok kultur for å melde, handtere og følgje opp avvik. Fleire peikar også på at ikkje alle rutinar er formalisert og skriftleggjort. Internkontroll er ikkje kommentert i årsmeldinga for 2015.

2.2.2

Vedtaksoppfølging

I undersøkinga blir det etterlyst eit betre system for vedtaksoppfølging i Lærdal kommune. Det blir peika på det er ein risiko for at politiske vedtak ikkje blir følgt opp når ein ikkje har eit system som gir god informasjon om status på gjennomføring og eventuelle avvik knytt til gjennomføringa. Det blir peika på at eit slikt system for oppfølging av investeringsbudsjett også hadde vore nyttig.

2.2.3

Etikk og habilitet

Kommunen har etablert etiske retningslinjer for dei tilsette i kommunen. Det er også etablert ein informasjons- og kommunikasjonsstrategi. Det blir opplyst at strategien blei vedtatt i kommunestyret for eitt år sidan, og at den ikkje er godt nok implementert i kommunen enno.

I undersøkinga blir det peika på at Lærdal er ein liten kommune, og det er vanskeleg å unngå at habilitet blir eit aktuelt spørsmål. Mange av politikarane har fleire verv og roller, og det kan vere nære relasjoner mellom tilsette, og mellom tilsette og brukarar. Dette gjer at det er spesielt viktig at kommunen har gode system og retningslinjer for å handtere habilitetsspørsmål. Sjølv om det blir peika på at kommunen har merksemdund kring dette blir det samstundes vist til at kommunen ikkje har overordna retningslinjer for knytt til habilitet. Fleire av dei intervjuua i undersøkinga meiner det kunne vore nyttig med ein gjennomgang av kommunen sine retningslinjer og praksis knytt til habilitet.

2.2.4

Økonomistyring

Lærdal kommune har samarbeid med Aurland kommune om økonomitenester og Aurland utfører ein del av tenestene for Lærdal kommune. Det blir i undersøkinga peika på at det i slike samarbeid kan det vere risiko knytt til samhandling og informasjonsflyt.

Fleire viser til at ettersom kommunen har store økonomiske utfordringar, er økonomistyring et svært aktuelt tema for forvaltningsrevisjon. I undersøkinga blir det peika på at Lærdal kommune i fleire år har hatt vanskelegheiter med å innfri budsjetta, og at det er risiko knytt *manglande samsvar* mellom budsjett og nødvendige driftsutgifter i dei ulike tenestene i kommunen. Det er risiko knytt til realismen i budsjetta som blir vedtatt. Ein styrer mot eit overforbruk også i 2016. Det er bekymring knytt til at det ikkje er tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre lovpålagte oppgåver. Det blir også peika på at «ostehøvelprinsippet» blir nytta når det skal kuttast i budsjettet, og det blir kutta jamt på alle område utan at det ligg ei tilstrekkeleg evaluering eller prioritering til grunn.

Det blir samstundes peika på at det er utfordringar knytt til *system og rutinar* for budsjettering og rapportering. Mellom anna er det fleire som viser til at ein kunne lagt om til å periodisere budsjetta for å få betre kontroll, men ein har ikkje funne ei god løysing på dette. I dag kan det vere vanskeleg å vite kva resultat månadsrapporteringa viser når denne ikkje er periodisert. Det blir vidare peika på at den økonomiske rapporteringa frå dei ulike sektorane ikkje er tilfredsstillande, og at det det er behov for å dokumentere betre kva pengane blir brukt til. Det blir vist til at dersom ein skal gjere gode tiltak for å spare pengar må ein ha tilstrekkeleg oversikt over korleis dei ulike tenestene nyttar ressursane i høve til det budsjettet som er tildelt.

Det blir vidare trekt fram at det kan vere føremålstenleg å sjå nærmare på kommunen sin praksis for internfakturering. I undersøkinga blir det peika på at kommunen ikkje har gode nok rutinar eller retningslinjer for internfakturering, og det er uklart om organisasjonen har ein lik praksis på dette området. Samstundes blir det trekt fram at omfanget av internfakturering i kommunen ikkje er så stort.

2.2.5

Innkjøp

Fleire peikar på at innkjøpsarbeidet til kommune har blitt betre dei siste åra og at det er inngått fleire rammeavtalar for å sikre at kommunen gjennomfører effektive innkjøp og etterlever lov om offentlege anskaffingar.

2.2.6

Service til innbyggjarane

I undersøkinga blir det peika på at administrasjonen i Lærdal kommune si handtering av førespurnader frå innbyggjarar ikkje alltid er tilfredsstillande. Det blir vist til at innbyggjarar har kome med klager på at dei ikkje får svar på henvendingar, og at dei ikkje blir møtt på ein god måte i kommunen. Lærdal kommune har eit program som heiter «Næringsvenleg kommune» som har fokus på korleis kommunen skal møte sine innbyggjarar, og i samband med prosjektet har kommunen gått igjennom alle rutinar knytt til sakshandsaming. Men det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved om kommunen etterlever dette programmet slik dei skal.

2.2.7

Informasjonstryggleik

I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om kommunen har tilstrekkeleg med rutinar for å sikre informasjonstryggleik. Det blir spesielt vist til bruk av sosiale media og korleis ein sikrar at sidene til kommune og eventuelle undergrupper blir oppretta og formidla i tråd med kommunen sine retningslinjer og føringer. Kommunen har etablert retningslinjer for bruk av sosiale medier.

2.2.8

Arkiv og journalføring

Kommunen har opplevd stor pågang knytt til innsyn i kommunale dokument, noko som har kravd ein del ressursar frå kommunen, og som har gjort at kommunen har hatt stor merksemd kring temaet.

Gjennom prosjektet næringsvenleg kommune har kommunen også utarbeidd ein arkivplan som tydeleggjer korleis kommunen skal handsame all dokumentasjon.

I undersøkinga blir det samstundes peika på at det kan vere risiko knytt til om kommunen sine tilhøyrande verksemder, som LNU og LMS, arkiverer og journalfører sine dokument i ACOS og korleis ein sikrar at all dokumentasjon blir arkivert på ein tilfredsstillande måte. Det blir også peika på ein risiko knytt til gradering og sortering av dokument på postlista.

2.2.9

Kommunal beredskapsplikt

Det har vore fleire alvorlege hendingar i kommunen dei siste åra. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte tilsyn med Lærdal kommune 18.02.2016 - 17.06.2016. Tema for tilsynet var kommunen si overordna beredskapsplikt og kommunen si plikt til helsemessig- og sosial beredskap. Under tilsynet vart det påvist seks avvik og ein merknad. Avvika var:

1. Kommunen manglar ein risiko- og sårbarheitsanalyse som stettar krava etter § 2 i forskrift om kommunal beredskapsplikt, og § 3 i forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsplikt etter helsemessigberedskapslova.
2. Kommunen har ikkje utarbeidd mål og strategiar for beredskapsarbeidet jf. forskrifter om kommunal beredskapsplikt §§ 3 og 6.
3. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar at beredskapsplanen vert øvd regelmessig, og heller ikkje rutinar som sikrar at dei som er tiltenkt ei rolle får naudsynt opplæring, jf. § 7 i forskrift om kommunal beredskapsplikt og § 7 i forskrift om beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig- og sosial beredskap.
4. Kommunen manglar oversikt i beredskapsplanen over personell som kan beordrast etter helseberedskapslova § 1-4,jf, § 9 i forskrift om beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter helseberedskapslova.
5. Plan for helse- og sosial beredskap er ikkje oppdatert og samordna med anna planverk, jf. § 4 i forskrift om kommunal beredskapsplikt og § 2 og § 6 i forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid etter lov helseberedskapslova.
6. Kommunen har ikkje ein plan for omlegging av drift og ressursdisponering når uønskte hendingar skjer, jf. § 4 i forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter helseberedskapslova.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Sektorovergripande oppgåver				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Internkontroll, herunder etikk og habilitet	<p>I undersøkinga blir det peika på at kommunen ikkje har eit felles kvalitetssystem for heile organisasjonen, og at det ikkje er ein tilfredsstillande kultur for å melde om og følgje opp avvik. Det er heller ikkje tilfredsstillande formalisering av alle rutinar.</p> <p>Det blir informert om at kommunen er i gang med innføring av kvalitets-systemet Complio i heile organisasjonen.</p> <p>Det kan vere utfordringar knytt til vurdering av habilitet ettersom Lærdal er ein liten kommune, og at det manglar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for lovbrot • Risiko for manglande måloppnåing og rapportering • Risiko for at manglande avviksrapportering 		<p>Internkontroll er eit tema som går igjen knytt til fleire av dei ulike tenestene. Ei eventuell undersøking av internkontroll kan difor inkludere utvalde tenesteområde.</p>

Sektorovergripande oppgåver				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
	tilstrekkeleg med rutinar knytt til habilitet.			
Vedtaks-oppfølging	I undersøkinga blir det peika på at kommunen ikkje har tilfredsstillande system for vedtaksoppfølging.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for manglande gjennomføring av politiske vedtak 		
Økonomistyring	<p>Aurland kommune utfører ein sentral del av økonomifunksjonen for Lærdal kommune. Det kan vere risiko knytt til samhandling og informasjonsflyt.</p> <p>I undersøkinga blir det peika på at kommunen i fleire år hatt økonomiske utfordringar. Det blir vist til at det er særleg viktig med gode system og rutinar for budsjettering, rapportering og iverksetting av tiltak som har effekt.</p> <p>Det blir stilt spørsmål om system for internfakturering fungerer føremålstøylen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Risiko knytt til samhandling med Aurland Risiko for økonomisk underskot Risiko for urealistiske budsjett Risiko for manglande kontroll med utgifter Risiko for manglande effekt av tiltak 		
Kommunal beredskapsplikt	Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som syner fleire avvik knytt til beredskapsarbeidet.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for manglande kommunal beredskap 		Det er gjennomført tilsyn som skal følgjast opp av kommunen. Denne er difor vurdert til gul og ikkje raud som den elles ville vore.

2.3 Oppvekst og barnevern

2.3.1 Barnehage

Lærdal kommune har to kommunale barnehagar. KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune har høgare netto driftsutgifter til barnehagesektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa i 2013-2015, men kommunen ligg under gjennomsnittet for landet utan Oslo. Lærdal har også hatt ein nedgang i driftsutgiftene frå 2013 til 2015. Sjå Tabell 5 i vedlegget.

I undersøkinga går det fram at mange av dei tilsette i barnehagane i kommunen har ein liten stillingsprosent. Dette blir peika på som ei uheldig når det gjeld å organisere eit forsvarleg barnehagetilbod.

2.3.2 Grunnskule

Lærdal kommune har to fådelte barneskular, ein fulldelt barne- og ungdomsskule, samt SFO på alle skulane. Lærdal kommune kjøper pedagogisk psykologiske tenester hos PPT Indre Sogn som har kontor i Årdal kommune.

KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune ligg over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo når det gjeld delen elevar i grunnskulen som får spesialundervisning. Dette gjeld for åra 2013 og 2015 (I 2014 ligg gjennomsnittet for kommunegruppa så vidt over Lærdal, medan Lærdal også dette året ligg over gjennomsnittet for landet utan Oslo). Sjå Tabell 6 i vedlegget.

Det går fram av kommunen sitt budsjett for 2016 at det dei siste åra er gjort eit arbeid med å få ned talet enkeltvedtak om spesialundervisning og satse på styrking av den ordinære klassen i skulen og avdelinga i barnehagen. I undersøkinga blir det peika på at det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon som mellom anna vurderte kommunen sitt arbeid med spesialundervisning. Kommunen har i etterkant av denne forvaltningsrevisjonen jobba med vidareutvikling av prosedyrar, vedtaksmalar og rutinar knytt til spesialundervisning.

Det blir opplyst i undersøkinga at kommunen har fokus på førebygging av mobbing, og kommunen har ein mobbeplan som skulane har arbeidd godt med i samarbeid med foreldra. Kommunen har nedskrivne rutinar og prosedyrar for handtering av mobbesaker. I januar 2015 blei det oppretta eit tverrfagleg team som skal jobbe med handtering av mobbesaker. Dette teamet består av helsesøster, leiar for PPT og miljøarbeidar på skulen, og arbeidet er eit samarbeid mellom KF og foreldreutvalet for grunnskuleopplæringa. Det har ikkje vore saker oppe i teamet enno, og kommunen har ein jobb å gjere for å informere om at teamet finns.

Det går fram av undersøkinga at det ikkje finst faste møtepunkt eller forum for tverrfagleg samarbeid innan oppveksteininga, utanom ansvarsgruppemøter der ulike instansar møtast for å diskutere særskilte elevsaker. Det er gjort eit kartleggingsarbeid som er presentert i rapporten «Sjumilssteget» vedrørende arbeidet for barn og unge i kommunen, og det har blitt haldt nokre tverrfaglege samarbeidsmøte i kommunen. Men no har personen som arrangerer desse møta slutta, og arbeidet med tverrfagleg samarbeid har ikkje blitt følgt opp vidare. Planen er at det skal gjennomførast eit tverrfagleg møte årleg for å følgje opp arbeidet med Sjumilssteget.

I undersøkinga blir det opplyst at oppveksteininga ikkje har eit eige system for registrering og oppfølging av avviksmeldingar. Det er fokus på at avvik skal følgjast opp, men dette er ikkje systematisert i eit eige avvikssystem. Som regel blir innmeldte avvik registrert i kommunen sitt arkivsystem, men det finst ikkje skriftlege rutinar for dette.

Det går fram av årsmeldinga til kommunen at det er vesentleg behov for vedlikehald ved ein av skulane, og at det etter tilsyn frå Miljøretta helsevern er komme krav om betre reinhald og vedlikehald. I undersøkinga blir det opplyst at kommunestyret har vedtatt å legge ned denne skulen. Fleire peikar i undersøkinga på at vedlikehaldet av bygg innan skule og barnehage ikkje er tilfredsstillande. Det blir stilt spørsmål ved om vaktmeisterordninga i kommunen er god nok, og det blir vist til at det har komme klagar på at ventetida på vaktmester er for lang og at avviksmeldingar ved bygga ikkje blir følgt opp. Dette har ført til misnøye med samhandlinga mellom brukarane av bygga og teknisk eining (sjå punkt 2.6.4).

2.3.3

Vaksenopplæring

Det går fram av undersøkinga at Lærdal kommune har eit nyoppstarta vaksenopplæringstilbod som starta opp i august 2016. På revisjonstidspunktet var det 12 personar som fekk vaksenopplæring frå ein lærar i 100 prosent stilling, men talet på elevar er planlagt auka i løpet av hausten. Frå januar 2017 skal bemanninga aukast med 80 prosent. I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om arbeidet med vaksenopplæring er organisert på ein føremålstenleg måte, og det blir peika på at tilbodet ikkje var klart i august 2016 når elevane kom. Det blir også peika på at lærarane har gjort ein del oppgåver som burde vore tatt hand om av administrasjonen. Det blir samstundes vist til at tilbodet må få fungere ei stund før ein evaluerer det.

2.3.4

Kultur, idrett og friluftsliv

KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune har høgare netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Sjå Tabell 16 i vedlegget.

I undersøkinga blir det peika på at det ikkje i tilstrekkeleg grad er informert om tilbodet i kulturskulen i kommunen til barn og foreldre, og at det berre er dei som kjenner til tilbodet som får nytte av det.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i undersøkinga:

Oppvekst				
Riskoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Forsvarleg system i grunnskulen	I undersøkinga er peika på at kommunen ikkje har tilstrekkeleg med nedskrivne rutinar og manglar eit	• Risiko for manglande system og rutinar		De blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av

Oppvekst				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
	tilstrekkeleg (elektronisk) system for avviksregistrering.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for lovbroter Risiko for manglende oppfølging av avviksmeldingar 		kvalitet og ressursbruk innan opplæringssektoren i 2016 der enkelte forhold knytt til internkontroll blei tatt opp.
Tverrfagleg samarbeid og samhandling innan oppveksteininga	Det går fram av undersøkinga at kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad har lagt til rette for tverrfagleg samarbeid på tvers av tenester for barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for manglende tverrfagleg samhandling 		
Vedlikehald og inneklima	Det går fram av undersøkinga at vedlikehaldsarbeidet knytt til skule- og barnehagebygg ikkje har vore tilfredsstilande i Lærdal kommune. Det blir også stilt spørsmål ved om vaktmeisterordninga i kommunen er god nok.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for helse, miljø og tryggleik Risiko for forfall av kommunale bygg Risiko for verditap 		Må sjåast i samanheng med punkt 2.6.4 i denne analysen. Skulen som har hatt størst behov for renovering er vedtatt nedlagt i oktober 2016.
Kulturskule	Manglende informasjon om tilbodet til born og unge	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at born og unge ikkje får tilstrekkeleg informasjon om tilbodet og høve til å delta på aktivitetar. 		

2.4 Helse og omsorg

2.4.1 Helse

KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune har langt høgare netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter per innbyggjar for kommunehelsetenesta samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. I undersøkinga blir det peika på at helseområdet blir opplevd som særleg uoversiktleg og at det er uklart kvifor kostnadane er så høge. Ei forklaring som blir gitt er at måten ein fører rekneskapen på gjer at det blir misvisande når ein samanliknar med KOSTRA-tal frå andre kommunar. I undersøkinga blir det stilt spørsmål ved om Lærdal kommune i realiteten brukar meir pengar på helse, og kva dette eventuelt skuldast.

Det går vidare fram av KOSTRA-tala at det har skjedd ein markant nedgang i delen nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst frå 2014 til 2015, og Lærdal ligg under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i 2015. Når det gjeld delen barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 årsalder og ved 4 årsalder, ligg Lærdal under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Sjå Tabell 7 i vedlegget.

I september 2015 gjennomførte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilsyn med Lærdal kommune. Tema for tilsynet var tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A. Det blei ikkje funne avvik under tilsynet.

Lokalmedisinsk senter

Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) er eit samarbeidsprosjekt innan helse- og omsorgstenester mellom sju kommunar i indre Sogn, samt Helse Førde. Lærdal kommune er vertskommune for samarbeidet. Det går fram av kommunen si årsmelding at helseeininga i 2015 hadde eit meirforbruk på 740 737 kr. Hovudårsaken til dette er eit meirforbruk på legevikarar på grunn av lengre sjukefråvere, oppstartsåret for Sogn Lokalmedisinsk Senter, samt meirforbruk på kjøp av tenester og redusert brukarbetaling.

Årsmeldinga peikar på at kommunen har fått eit omfattande ansvar på legesida på Sogn LMS. Etter oppstart 1. mars er 60 prosent av legekapasiteten nytta til drift av dei nyetablerte tenestene. Dette er langt meir enn først føresett, og dette har skapt utfordringar for helsesenteret som har vore tilsvarande utan legedekning. Dette har resultert i ventetid, redusert kapasitet og redusert brukarbetaling.

I undersøkinga blir det trekt fram at det kan vere risiko knytt til LMS ettersom Årdal kommune har varsle at dei ønskjer å reforhandle den økonomiske fordelingsnøkkelen. Det blir vidare peika på at det har vore ein diskusjon mellom kommunane i samarbeidet om fordeling av kostnader, og det er noko ueinigheter knytt til dette. Det blir opplevd som ei utfordring at det blir stilt stadig nye og større krav til helsetenestene som kommunen skal ha ansvar for, noko som også medfører at tenestene blir dyrare. Det er ofte Lærdal som må «ta støyten» frå dei andre kommunane om budsjettet sprekk. Det blir peika på at samarbeidet kan bli betre mellom kommunane.

Psykisk helse og rus

Psykisk helseteneste har fire medarbeidarar tilsette i tenesteeininga Helse. Leiar for tenesta er på revisjonstidspunktet ei psykiatrisk sjukepleiar og ho har ansvaret for dagtilbodet på Doktorheimen, kommunalt kriseteam, samtalar, støtte og hjelp i heimesituasjonen, hjelp til sosial trening og nettverksbygging, samt etablering av kontakt med andre hjelpeinstansar

Pleie- og omsorg har ansvaret for fellesbustad med fire bueiningar med fellesareal, for alvorleg psykisk sjuke, der det er døgntilbod og eigne tilsette. Ellers gjev heimesjukepleien også hjelp til mennesker med psykiske vanskar som bur heime. Medisinadministrering, tilsyn og vurdering av sjukdomsutvikling er her viktig.

Tidlegare har det også vore ein ruskonsulent som har vore tilknytt psykisk helseteneste, men kommunen har ingen tilsette i dag med denne oppgåva. Det blir peika på at dette fører med seg risiko med omsyn til å ivareta personar og pårørande med rusutfordringar. Det blir stilt spørsmål ved om det er avklart kven som har mynde til å nytte tvangsfullmakt med omsyn til rus, samt korleis samhandlinga mellom psykisk helse og rusfeltet fungerer. Det blir vidare opplyst i undersøkinga at Lærdal kommune er i dialog med Aurland kommune om eit interkommunalt samarbeid knytt til rus. Aurland kommune har ruskoordinator, psykiatrisk sjukepleiar og miljøarbeidar.

I undersøkinga blir det informert om at psykiatrisk sjukepleier som har leia arbeidet med psykisk helse skal slutte i stillinga og det er knytt usikkerheit til korleis stillinga skal erstattast og eventuell omorganisering av tenesta. Det blir opplyst at dersom kommunen skal rekruttere inn ein ny leiar vil fokuset på rusarbeid vere tydelegare i stillingsbeskrivinga. Samstundes blir det vist til at det blir vurdert om psykisk helsearbeid skal organiserast saman med pleie og omsorg. Det blir uttrykt bekymring for om kommune i tilstrekkeleg grad klarer å sikre eit forsvarleg tilbod knytt til psykisk helsearbeid og rusomsorg i fortsettinga, og fleire er uroa for at teamet og dei tilsette ikkje blir tilstrekkeleg ivareteke i denne endringsprosessen. Det blir spesielt peika på at krava til psykisk helseteneste aukar med samhandlingsreforma og det blir stilt spørsmål om kommunen vil vere rusta til å ta på seg ansvaret som følger med reforma. Det blir også stilt spørsmål ved om ein har tilstrekkeleg med planar, system og rutinar for dette tenesteområdet og om ein har sikra tilstrekkeleg effektiv og føreseieleg drift og rapportering. I undersøkinga blir det vidare peika på at kommunen ikkje har tydelege nok retningslinjer for korleis kommunen skal arbeide med psykisk helse for barn og unge. Kommune har i 2015 gjennomført ei kartlegging «sjumilssteget» som skal hjelpe kommunene med å konkretisere artiklene i barnekonvensjonen, slik at desse kan nyttast til å planlegge og kvalitetssikre tenestene til barn og unge.

I KOSTRA-tala manglar det registrerte tal for fleire av variablane knytt til rus og psykisk helse. Det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved om foreldre som har barn med alvorleg fysisk eller psykisk sjukdom får tilstrekkeleg tilbod om avlasting.

2.4.2

Pleie og omsorg

I undersøkinga blir det informert om at det har vore store utfordringar med å halde seg innanfor budsjettet innan pleie og omsorg, særleg knytt til heimetenestene.

Det går fram av Lærdal kommune si årsmelding for 2015 at eininga for pleie og omsorg hadde eit meirforbruk på 1 444 849 kr. i 2015. På grunn av planar om å legge om drifta frå institusjonsplassar til auka bruk av omsorgsbustader står kommunen framfor store investeringar på mellom 50-80 mill. Det blir vist til at det er svært viktig at desse prosjekta blir gjennomført på ein god måte (innanfor tids- og budsjettetramma) og at ein får naudsynte effektar av omlegginga.

I følgje årsmeldinga for 2015 er hovudårsaken til meirforbruket innleige av sjukevikarar, samt uførutsett og endra tilbod for ressurskrevjande brukarar. I tillegg har eininga hatt kostnader med eit døgnbemanna BPA-tiltak som blei høgare enn forventa. Når det gjeld sjukefråver i pleie- og omsorgstenesta går det fram av årsmeldinga at dette er redusert frå 10,8 prosent i 2014 til 7,8 prosent i 2015.

Årsmeldinga peiker på at eininga i 2015 har innført eit nytt kvalitetssystem (Compilo). I undersøkinga blir det trekt fram at det kan vere interessant å sjå nærmare på internkontroll og avviksrapportering innan pleie og omsorg og korleis det nye kvalitetssystemet blir nytta. Det blir spesielt peika på at det kan vere risiko knytt til om dei tilsette har lik oppfatning av kva som er eit avvik og kva som skal meldast, og det kunne vore nyttig med innsikt i korleis dei tilsette nyttar avvikssystemet.

Fylkesmannen har hatt tilsyn med sjukeheimen i 2015 vedrørande bruk av tvang, kap. 4A. Det blei ikkje avdekka avvik i tilsynet.

Tildelingskontoret for pleie- og omsorgstenester

Lærdal kommune har eit tildelingskontor for pleie- og omsorgstenester. I undersøkinga blir det peika på at det har vore ei utfordring å sikre lik tildeling av tenester på tvers av brukarar med like behov, og samsvar mellom tildeling av helsetenester og dei tenestene som faktisk blir utført. Det blir også stilt spørsmål om i kva grad ein har gode nok kriterier for tildeling som sikrar at det blir tildelt tiltak på rett nivå i omsorgstrappa slik at ein ikkje tildeler institusjonsplass når det til dømes er heimeteneste som kan vere rett tiltak. Vidare blir det stilt spørsmål om kommune har «ei» stemme ut mot brukarane eller om ulike delar av kommunen (tildelingskonto, heimeteneste mv) gir ulike signal til brukarane om kva som er rett tiltak.

Institusjon

KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune har høgare driftsutgifter knytt til institusjon som del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Lærdal kommune har hatt ein reduksjon i delen plassar i institusjon i prosent av mottakarar av pleie- og omsorgstenester frå 2014 til 2015, men Lærdal ligg i 2015 framleis over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo på denne variabelen. Vidare viser KOSTRA-tala at delen bebuarar i institusjon av tal plassar (belegg) har auka frå 2014 til 2015, og Lærdal ligg i 2015 over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. KOSTRA-tala viser at delen plasser avsett til tidsavgrensa opphold og delen plassar i skjerma eining for personar med demens har auka i Lærdal kommune frå 2014 til 2015, men kommunen ligg framleis under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Sjå Tabell 8 i vedlegget.

Lærdal kommune har fatta vedtak om å redusere institusjonsplassar slik at dekningsgraden blir 18 prosent. Kommunen vil i større grad legge til rette for at dei eldre kan bu heime og i omsorgsbustader. I undersøkinga blir det ytra ønskje om meir informasjon om korleis kommunen arbeider med denne omstillinga.

Det blir opplyst i undersøkinga at kommunen har foreslått ei omorganisering av pleie- og omsorgstenesta, der alle ressursar i eininga, samt dei som er nært knytt til eininga (fysioterapi, kjøkken, einingsleiarar) skal samlast i ei felles fysisk sentralkjerne. Saka avventar på revisjonstidspunktet politisk godkjenning, men prosjektet er klart og det er søkt om finansiering.

Omsorgsbustader

Det går fram av undersøkinga at Lærdal kommune har planlagt å innføre eit nytt trinn i omsorgstrappa med heildøgnsbemanna omsorgsbustader. Dette skal bidra til å få ned bruken av institusjonstenester.

Heimetenesta

Det blir trekt fram i undersøkinga at heimetenesta har hatt stor utskifting av personell. Det blir stilt spørsmål om det er tilstrekkeleg kapasitet i tenesta, om arbeidsmiljøet er tilfredsstillande og om arbeidet er organisert på ein føremålstøyning måte. Kommunen er i gang med å gjere nokre organisatoriske endringar knytt til heimetenesta betre situasjonen. Dette inneber mellom anna å etablere ein «bemanningspool» der tilsette vekslar på å jobbe i heimetenesta, på sjukeheim osv.

Avlastningstilbod

Det blir opplyst i undersøkinga at Lærdal kommune har eit lågterskelt tilbod for eldre med eldrekafé og dagsenter. Det blir peika på at eininga for pleie- og omsorg har forbetringspotensial når det gjeld å vere tidlig ute med informasjon og fange opp dei utfordringane som brukarane har i heimen før det blir aktuelt med institusjon.

2.4.3

Barnevern

Lærdal kommune er med i eit interkommunalt samarbeid om barneverntenesta med Aurland kommune, og det er Aurland som er vertskommune for barneverntenesta. I undersøkinga blir det opplyst at kommunen undersøker moglegheita for å inkludere Årdal kommune i det interkommunale samarbeidet.

KOSTRA-tala viser at Lærdal kommune frå 2013 til 2015 hadde ein høgare del netto driftsutgifter til sakshandsaming i barneverntenesta samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Lærdal i 2013 og 2014 har lagt under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i delen undersøkingar gjennomført av barnevernet med ei handsamingstid innan tre månader. I 2015 ligg Lærdal over gjennomsnittet. Når det gjeld delen barn med tiltak som har utarbeida plan per 31.12 ligg Lærdal kommune i 2013- 2015 under gjennomsnittet for landet utan Oslo. Sjå Tabell 11 i vedlegget.

Det går fram av årsmeldinga for 2015 at Lærdal kommune har hatt ein merkbar nedgang på talet meldingar til barnevernet i første halvår av 2015. Det har vore lite kontakt med tverrfaglege samarbeidspartar utover faste møter, og det blir i undersøkinga peika på at ein av grunnane til dette er at barneverntenesta er mindre fysisk til stades i Lærdal etter at arbeidsstaden for dei tilsette er flytta til Aurland.

Det går også fram av årsmeldinga at barneverntenesta ikkje har klart å gjennomføre alle oppgåvene i årshjulet for 2015. Det blir vidare peika på at sjukefråveret i tenesta er litt høgt. I årsmeldinga blir det peika på at barneverntenesta har hatt avvik frå budsjett. Det blir trekt fram at bruk av sakkunnig vurdering har vore meir omfattande enn det som var forventa for Lærdal kommune.

Av undersøkinga går det fram at barneverntenesta i liten grad er ute på skulane og i barnehagane og informerer om barnevernet sine tenester. Det blir trekt fram at barnevernet må vere meir synlege, og at ein må senke terskelen for å få hjelp med rettleiling og førebygging frå barneverntenesta. Samstundes blir det peika på at barneverntenesta ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til dette arbeidet.

Det blir også trekt fram at sidan Aurland kommune er vertskommune for barneverntenesta opplever ein at Lærdal kommune har lite kontroll, og ikkje får tilstrekkeleg informasjon om korleis barneverntenesta fungerer og om innbyggjarane i Lærdal får dei tenestene dei har krav på. Det blir peika på at barneverntenesta blir opplevd som dyr, og at det blir brukt for mykje pengar på administrasjon av tenesta. Det blir ytra ønskje om ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta for å få innsyn i korleis kommunen sine midlar blir forvalta i det interkommunale samarbeidet.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i undersøkinga:

Helse og omsorg				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Internkontroll innan pleie og omsorg	Det er etablert eit nytt kvalitetssystem. Men det går fram av undersøkinga at det kan vere risiko knytt til avviksrapporteringa innan pleie- og omsorgssektoren, og at det er fare for at det er ulik oppfatning for kva som er eit avvik og korleis dette skal følgast opp.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for lovbrot • Risiko for manglande oppfølging av avvik 		
Tildeling av pleie- og omsorgstenester	<p>Det går fram av undersøkinga at det kan vere risiko knytt til kommunen sitt tildelingskontor for pleie- og omsorgstenester. Det blir peika risiko for manglande likebehandling og manglande samsvar mellom tildeling og utføring av tenester.</p> <p>Det blir stilt spørsmål om i kva grad ein har gode nok kriterier for tildeling som sikrar at det blir tildelt tiltak på rett nivå i omsorgstrappa.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for lovbrot • Risiko for manglande likebehandling • Risiko for manglande system og rutinar 		
Inter-kommunalt samarbeid om lokalmedisinsk senter (LMS)	I undersøkinga kjem det fram at det har vore utfordringar knytt til samordninga i det interkommunale samarbeidet om LMS. Det blir peika på at legekapasiteten har vore svært utfordrande ved oppstart av LMS i 2016.	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for budsjettoverskridning • Risiko for mangelfull teneste 		
Psykisk helse- og rusarbeid	<p>Fleire peikar på at arbeidet med psykisk helse og rus er svært sårbart og at tilbodet ikkje i tilstrekkeleg grad er sikra framover. Kommunen har heller ikkje ein ruskonsulent.</p> <p>Det går også fram av undersøkinga at kommunen ikkje har tilstrekkelege eller tydelege retningslinjer for korleis arbeidet med psykisk helse for barn og unge skal organiserast.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for brot på regelverk • Risiko for mangelfulle tenester • Risiko for manglande styring 		
